



Utval: Hovudutval for plan og miljø
Møtestad: Hamaren, Næringsshagen
Dato: 19.09.2017
Tid: 08:30 – 11:00

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Vidar Pettersen	Leiar	AP
Øyvind Kile	Nestleder	AP
Elise Lauvrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Janne Lunden Teksle	Guro Blessum Libjå	SP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Arild Metveit	Kommunalsjef
Einar Mikkelsen	Senioringeniør Sak 26/17,27/17,30/17,31/17,32/17
Elin Skålid	Landbruksrådgjevar Sak 29/17

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
22/17 – 32/17

Merknader til møteboka: Sak 32/17 blei lagt fram direkte i møtet

Godkjenning av protokoll:

Nils Vidar Pettersen
utvalsleiar

Marit N. Dale
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

PS 22/17 Referatsaker

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fylgjande orienteringar frå sektoren:

Tilskot rehabilitering bustad

Juletreproduksjon Spockeli 82/1

Buplikt Flatland 25/5

Tilsyn Smil midlar

Tilsyn Mattilsynet høgdebasseng

Tilsyn Arbeidstilsynet på:

- brannstasjon og rutinar for å redusere påverknad av røykgassar.

RS 152/17 Orientering frå administrasjonen

RS 153/17 Griddalen 17/4-22, tomt 12 - fritidsbustad

RS 154/17 Søknad om endra løyve gbnr 67/1 Nordistog Bergland

RS 155/17 Svar på søknad om felling av skadegjerande skarv i mærene til Telemarksrøye AS

RS 156/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga - Sitjevegen 44 38/67

RS 157/17 Søknad om utsleppsløyve - Ångås 25/93, tomt 4

RS 158/17 Neslandsvegen 120 32/1 - tilbygg bustadhus

RS 159/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga - Birtedalsvegen 903 11/1

RS 160/17 Søknad om utsleppsløyve - Ångås 25/95, tomt 2

RS 161/17 Svar på søknad om felling av skadegjerande kanadagås på gbr/nr 68/5 og 66/21

RS 162/17 Søknad om utsleppsløyve - Griddalen 17/4-22

RS 163/17 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Metveit nedre 64/2

RS 164/17 Griddalen 17/4-22 - riving av fritidsbustad

RS 165/17 Søknad om fritak for kommunale eigedomsgebyr - Skomdalsvegen 174 26/17

RS 166/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga

RS 167/17 Svar på søknad om frådelling av tomt 93/6 til 92/12

RS 168/17 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Kili øvre 17/1

RS 169/17 Findalstveit 61/1- søknad om driftshytte

RS 170/17 Søknad om utsleppsløyve - Kleivgrensvegen 1187 68/5

RS 171/17 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Aujordet v/Ulvsvatn 72/2

RS 172/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga - Fyresdalsvegen 1726 (Lønnestad) 43/17

RS 173/17 Hæstad gbnr 81/1 - tilbygg til våningshus

RS 174/17 Søknad om frådelling frå Lauvland 58/1 til 58/8

RS 175/17 Vatn og avløpslan for Vik skog 26/10

RS 176/17 Befaring på hytte på gnr. 43, bnr. 44

RS 177/17 Befaring på hytta på Gausvatn

RS 178/17 Greivstadvegen 30 41/8 - garasje

RS 179/17 Svar på høyring om utviding av jakttid for kanadagås og stripegås i Telemark i perioden 2017-2022

RS 180/17 Søknad om frådelling - 93/6 til 92/12

RS 181/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga - Prærien 21 36/42

RS 182/17 Kvisleåne 19/3-12 - tilbygg fritidsbustad

RS 183/17 Grunnvik 1 36/1-17 - riving av bygg

RS 184/17 Mindre endring av reguleringsplan for Øvre Stuvestøyl gbnr 26/9

RS 185/17 Svar på søknad om dispensasjon frå forskrift om spreining av husdyrgjødsel

RS 186/17 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga Vik Midtbø gbnr 2/4

RS 187/17 Søknad om tilskot til avløpsanlegg - Lunden 42/1

RS 188/17 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - 37/1

RS 189/17 Neslandsvegen 93 32/14 - tilbygg bustadhus

PS 23/17 Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - avslutning av prosjekt

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

Innspel frå medlem i rådet Torleiv Veum;

Ein merkar seg at helsespørsmål ikkje, eller i svært liten grad har vore drøfta i saka, som tema, aktuelle samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark.

Saker som lege, fastlege og spesialistlege. Naudsynt legedekning.

Sjukeheimar, kapasitet og samarbeid om tilbod til pasientane.

Behandlingstilbod til pasientar etter sjukehusopphald. Behandling til ymse pasientar med kroniske plager. Mykje behandlingstilbod som no er kommunen sitt ansvar.

Sjå forskrift om legevakt;

Legevakt (sitat)

Kommunens ansvar for organisering og tilrettelegging av øyeblikkelig hjelpetjeneste inklusive legevakt og medisinsk nødmeldetjeneste går fram av helse- og omsorgstjenesteloven § 3-1 og § 3-2 første ledd punkt 3 og § 3-5. I dette ligger blant annet at kommunen skal ha et system som sikrer ivaretagelse av øyeblikkelig hjelp hele døgnet.

Med legevakt i Arendal, slik som ein har her i Fyresdal, må ein tru ikkje er heilt i samsvar med lova.

Ein vil oppmoda leiinga i Fyresdal å drøfte dette med andre kommunar i Vest-Telemark.

Samrøystes i samsvar med innstillinga til rådmannen med tillegg av innspel frå medlem i rådet Torleiv Veum.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 11.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 11.09.2017

Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

PS 24/17 Svar på søknad om konsesjon på erverv av Åmsberg gbnr 38/7 , 39/4 og 39/16

Innstilling frå rådmannen:

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjane Kristin Libjå og Johnn Egil Felle konsesjon for erverv av Åmsberg 38/7, 39/4 og 39/16 på vilkår av at dei buset seg på eigedomen innan 1 år etter at konsesjon er gjeve og bur der samanhengande i minst 5 år.

Søklarane er godt skikka til å drive eigedomen og ervervet er ei driftsmessig god løysing. Det er positivt at unge i etableringsfasa får høve til å kjøpe gardsbruk i kommunen.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjane Kristin Libjå og Johnn Egil Felle konsesjon for erverv av Åmsberg 38/7, 39/4 og 39/16 på vilkår av at dei buset seg på eigedomen innan 1 år etter at konsesjon er gjeve og bur der samanhengande i minst 5 år.

Søklarane er godt skikka til å drive eigedomen og ervervet er ei driftsmessig god løysing. Det er positivt at unge i etableringsfasa får høve til å kjøpe gardsbruk i kommunen.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 25/17 Svar på søknad om konsesjon for erverv av fast eigedom gbnr 61/2

Innstilling frå rådmannen:

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar, Laje Bendik Gaaren konsesjon for erverv av Finndalstveit gb.nr. 61/2. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og ivaretek omsynet til ei heilskapeleg ressursutnytting og kulturlandskapet. Søkjar er godt skikka til å drive eigedomen. Det vert ikkje sett krav om buplikt. Eigedomen skal drivast på ein landbruksforsvarleg god måte.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov. 2003, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar, Laje Bendik Gaaren konsesjon for erverv av Finndalstveit gb.nr. 61/2. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og ivaretek omsynet til ei heilskapeleg ressursutnytting og kulturlandskapet. Søkjar er godt skikka til å drive eigedomen. Det vert ikkje sett krav om buplikt. Eigedomen skal drivast på ein landbruksforsvarleg god måte.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov. 2003, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 26/17 Uttale til Bergesåi kraftverk

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bergesåi kraftverk, men rår til at avbøtande tiltak med auka minstevassføring i sommarsesongen og rugekasser for fossefall vert vurdert.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bergesåi kraftverk, men rår til at avbøtande tiltak med auka minstevassføring i sommarsesongen og rugekasser for fossefall vert vurdert.

PS 27/17 Opprusting og utvidelse av Soks kraftverk og Steinvassåne minikraftanlegg

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser positivt på utbygging av Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fyresdal kommune ser positivt på utbygging av Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk.

PS 28/17 Svar på søknad om konsesjon for erverv av Berge gbnr. 19/3 og 19/6

Innstilling frå rådmannen:

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar, Are Skildo, konsesjon for erverv av Berge øvre, g/b.nr. 19/3 og 6. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og ivaretek omsynet til ei heilskapeleg ressursutnytting og kulturlandskapet.

Det vert ikkje sett krav om buplikt. Eigedommen skal drivast på ein landbruksforsvarleg god måte.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova §9 og 11, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar, Are Skildo, konsesjon for erverv av Berge øvre, g/b.nr. 19/3 og 6. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og ivaretek omsynet til ei heilskapeleg ressursutnytting og kulturlandskapet.

Det vert ikkje sett krav om buplikt. Eigedomen skal drivast på ein landbruksforsvarleg god måte.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova §9 og 11, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 29/17 Svar på søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom Bergland gbnr 67/4

Innstilling frå rådmannen:

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar Beate Enge Olsen konsesjon for erverv av Bergland, g/b.nr. 67/4. Eigedomen er ein ressursvak eigedom med tanke på landbruksdrift.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova § 9 av 28.nov. 2003, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar Beate Enge Olsen konsesjon for erverv av Bergland, g/b.nr. 67/4. Eigedomen er ein ressursvak eigedom med tanke på landbruksdrift.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova § 9 av 28.nov. 2003, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 30/17 Uttale til Bjørnstadåi kraftverk

Innstilling frå rådmannen:

Kommunen er positiv til Bjørnstadåi kraftverk, men er noko i tvil om overføring av Gjerdeåi er godt nok utgreidd og rår til at den kan gå ut, i det minste må det her leggast inn minstevassføring.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Kommunen er positiv til Bjørnstadåi kraftverk, men er noko i tvil om overføring av Gjerdeåi er godt nok utgreidd og rår til at den kan gå ut, i det minste må det her leggast inn minstevassføring.

PS 31/17 Uttale til Bindøl Kraftverk

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bindøl kraftverk, men rår til at ein ikkje tek med overføring av Skjeggerudbekken.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bindøl kraftverk, men rår til at ein ikkje tek med overføring av Skjeggerudbekken.

PS 32/17 Findalstveit 61/1- søknad om hytte

Innstilling frå rådmannen:

Rådmannen finn ikkje at ein på eigedomen Finndalstveit, gnr/bnr 69/1 kan rå til å dele frå tomt til fritidshytte på eigedomen, då tomta ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel der det berre er høve til anna tiltak enn det som er knytt til stadbunden næring, jf. plan- og bygningslova §11-7 ledd 5.

Med hjemmel i plan- og bygningsloven § 11-6 "Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel", jf punkt "LNF- områder" i kommuneplanen sin arealdel, avslår kommunen søknad om deling og oppføring av fritidshytte.

Det er vurdert at ein ikkje kan dispensere frå arealdelen i kommuneplanen etter pbl §19-2 då omsyna bak bestemmelsen vert sett vesentleg til sides.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Thor Inge Levang stilte spørsmål om han var ugild då han hadde avtale om grunnarbeid. Utvalet var samd om at han var ugild og han gjekk frå, jf. Kommunelova § 40 og Forvaltningslova kap. 11.

Ved avstemming stemde resten av utvalet samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Rådmannen finn ikkje at ein på eigedomen Finndalstveit, gnr/bnr 69/1 kan rå til å dele frå tomt til fritidshytte på eigedomen, då tomte ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel der det berre er høve til anna tiltak enn det som er knytt til stadbunden næring, jf. plan- og bygningslova §11-7 ledd 5.

Med hjemmel i plan- og bygningsloven § 11-6 "Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel", jf punkt "LNF- områder" i kommuneplanen sin arealdel, avslår kommunen søknad om deling og oppføring av fritidshytte.

Det er vurdert at ein ikkje kan dispensere frå arealdelen i kommuneplanen etter pbl §19-2 då omsyna bak bestemmelsen vert sett vesentleg til sides.